



Mulavott frå samlinga til Jærmuseet.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe. Jærmuseet.

Mulavotten

INGEBORG NÆRLAND SKJÆRPE

Denne artikkelen byggjer på ei temaoppgåve frå eit studie i museumsformidling på Høgskulen i Oslo våren 2009. Her var temaet «Museum - samling og formidling». Oppgåva var å velja ut ein gjenstand, frå ei samling, som me hadde lyst til å formidla til andre. Dei fleste musea har gjenstandar som ikkje er godt dokumentert og som vert oppbevart meir og mindre gøymt på magasin. Me kan stilla oss spørsmål som kvifor samlar me? Kva slags verdiar kan slike gjenstandssamlingar ha? Mange av gjenstandane fortener å verta henta fram i lyset. Til denne temaoppgåva hadde eg lyst til å velja ein tekstilgjenstand og bestemte meg for ein vott, ein mulavott, frå samlingane til Jærmuseet. Votten er brukt i ei utstilling om sildefiske, men er grå og anonym og gjer ikkje så mykje av seg. Samstundes har den fascinert meg der den ligg, stor og romsleg, med to tomlar.

Eg hadde lyst til å finna ut meir om slike vottar. Kvifor ser dei slik ut? Korleis er dei laga? Og kven laga dei? Gode vottar var viktig på fisket, og det var mykje arbeid for kvinnene å ordna alt mennene skulle ha med seg. Kan dette formidlast til barn slik at dei får ei forståing av dette? Og kan det gje noko meinung for oss i dag?

KVA ER EIN MULAVOTT?

Mitt første møte med ordet var i Hauglandsviså. Ei vise med ukjent opphav som vart gitt ut på plate i 1980, med gruppa «Vind i gardhol». Ei vise om nokon som gjer alt på ein bakvendt måte når dei skal få inn høyet. Visa er mykje spelt og sungen her i området, men den seie meg ikkje så mykje om *kva ein mulavott* er.

De Haugland de hødde i nott
De Haugland de hødde i nott
De smurde ikkje hjulå - det gjekk ikkje godt
Somme bar i tøyet,
andre bar i trøye
å Kistina bar i ein mulavott

Å, Dronsen han slo i nott
Ja, Dronsen han slo i nott
Uti tjukka blautaste reinå i nott
Somme bar i tøyet
andre bar i trøye
å Kistina bar i ein mulavott.

Tekst og melodi: Trad.



Mulavette frå samlinga til Jærmuseet.
Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet

På registreringskortet til museet står det noko slik som at votten er av ull, brungrå, spøta og litt tova. Den har to tomlar og vart brukt på sildefiske. Den kom til museet i 1998 saman med andre ting frå dødsbuet etter Olav O. Nygård født i 1906 på Bratland i Varhaug.

Dette var ein kvardags- og arbeidsvott. På Jæren er spøting det same som strikking, og orda vert her brukt om einannan.

Mulavott må vera eit lokalt namn. Her på Jæren er endå mulavott i bruk blant eldre folk. Tobias Skretting skriv i boka *Jæren syng i merg og minne: Mulavott, m: Heimespøtt arbeidsvott, kan vera med ein eller to tommeltottar. Den med to har ein føremunn ved at ein kan snu han og dermed fordela slitasjen. Ved dei fleste arbeida slit ein vettene mest inni handa.*

Den må ha fått namnet på grunn av utsjânaden som minnar om ein mule på til dømes hest eller ku.

I litteratur som omhandlar slike vottar har dei namn som sjøvottar, fiskjevetter, skålpavette og lovottar med meir. Dei vart ikkje bare brukta på sildefiske men og på anna fiske som heimefiske, lofotfiske og torskefiske. Ordet vott finn me i gammalnorsk som Votr og i fl. Vettir.

Svein Molaug i *Vår gamle kystkultur* skildrar når dei skulle reisa på lofotfiske: «*sjøvotter måtte de ha, tre par. Lovottene var strikket og godt tovet.*»¹ Og Gunvor Ingstad Trætteberg skriv i boka *Skinnhyre og sjøklær* at fiskaren sine arbeidsvottar var lovottar. Det vil sei at handbaken og fire fingrar får plass i loven, medan tommelen er laga for seg. Ho skriv vidare at på Vestlandet vart sjøvottane kalla for vayette. Ordet vad betyr line eller anglesnor. Vavettene hadde lange band som vart snodd om handleddet. Til roing brukte dei lovottar eller roavottar. På 1800-tallet var det to slags vottar i bruk på fisket: Ein-tomlingsvette og to-tomlingsvette. Fire par vottar høyrdet til utstyret for en heil-lotts kar på Lofoten i 1880, to av kvart slag.

«*De nord-norske vottene var særlig gode, rummelige og av utsøkt ull, så når «søringene» var på Lofoten, kjøpte de seg gjerne noen par «Skålpavette», som de kalte dem, forteller fiskere fra Bømlo i Sunnhordland. Skålpavetter var store, svære votter med god plass i, mye videre enn andre votter.*»²

Mange Jærbuar reiste langt nordover på fiske så me kan rekna med at klesdrakta har vore nokså lik langs heile norskekysten, men med noko kvalitetsvariasjonar. Og at sjøvottar er eit dekkjande namn for alle variantar.



Fiskarar i oljehyre og skinnhyre frå Kvæfjord i Troms.
Foto samlinga Norsk Folkemuseum

KVIFOR SAMLAR ME PÅ TING?

Mange menneske er samlarar. Me samlar på ting som interesserer og engasjerer oss, som har høg verdi eller som me får «dilla på». Me kan ha mange ulike mo-

tiv. Bjarne Rogan har forska ein del på dette. Han bruker tre stikkord som forklarer samling: Leik, lidenskap og kunnskap (vitskap). Han har også funne ut at barn samlar på «alt» medan ungdom samlar ikkje. Mange vaksne samlar og det finn typiske kvinnesamlingar og mannssamlingar. Dei fleste musea er bygd opp rundt gjenstandssamlingar.³

Suzanne Keene skriv om ulike årsaker for å samla på gjenstandar, kva me kan bruka dei til og kvifor me må gjera dei tilgjengelege for folk. Ho kallar samlingane for «Fragments of the world». Ingen kan dokumentera eller ta vare på heile historia, men me treng mange biter eller fragment for å danna oss bilete av verda, som den er og har vore.

Gjenstandar er ein ressurs. Me må ha tankar om og planar for kva me vil ta vare på og kvifor. Me treng gjenstandar til forsking. Gjenstandar supplert med foto og tekstar, skriftlege eller munnlege hjelper oss å danna biletet av historia.

Om me ynskjer å finna ut meir om til dømes ein mulavott så er det nyttig å ha gjenstanden tilgjengeleg for å kunne rekonstruera, telja masker, kjenna på garnet og så samanhælda det med det me finn i kjeldene. Når me gjer museumssamlingane meir kjent blant folk så kan det føra til fleire forskingsprosjekt. Her bør kanskje fagfolka i musea sleppa litt av kontrollen - og la andre koma til? Og sjå det verdfulle i at historier vert fortalt frå ulike ståstader, og av folk med ulik bakgrunn.

Gjenstandar kan brukast som kjelde til livslang læring. Mange med interesse for historie, handarbeid og kystkultur kan ha glede og nytte av å læra meir om til dømes denne votten. Den kan gje innblikk i korleis



Sildefiskar fra Røvær

*Todt Nyttår!
Tak for høst!
Mjøifløy helsen fra hella.*

Sildefiskar fra Røvær.

Fotosamlinga Norsk Folkemuseum

folk levde langs kysten før i tida. Den kan også ha stor verdi som kjelde til å skapa minne og identitet. Denne

litt anonyme gjenstanden kan tenkjast å få stor verdi hjå folk som har drive med spøt, fiskeri eller har vaks opp langs kysten. Ofte har musea teke vare på bare dei «fine» tinga og bare fortald historia til folk som har utmerka seg. Men i dei seinare åra har kvardagshistoria og kvardagstinga fått ein større plass i musea. Møter som fører til at folk kjenner seg igjen og som vekkjer minne kan koma musea til gode om me har høve til å dokumentera historier som kjem fram. Musea bør opna meir for å samla og gjerne presentera individuelle historier, frå ulike ståstedar og ikkje bare den allmeint godkjende, kollektive historia. Desse historiene kan gjera gjenstandane meir levande, fargerike og gje dei endå større verdi i framtida.

Museumsgjenstandar kan inspirera til kreativitet. Her kan til dømes teknikken som vart brukt førast vidare i nye former. I dag er det stor mote igjen med klede og utstyr laga i tova strikk - i nye flotte fargar og mønstre. Slik kan ein museumsgjenstand inspirera til stadig nye ting. Eller den kan vera fin å sjå på. Ting kan ha ulike verdiar som til dømes estetisk, kulturell, symbolisk, autentisk, noko som me kanskje vurderer ulikt. Og den kan ha ulike verdiar til ulike tider.⁴

KVA KAN ME LÆRA AV GJENSTANDAR?

Mange museumsgjenstandar toler å stå framme medan andre ting er gjemde på magasin. Det kan vera på grunn av sikkerheit, tilstand eller plass. Internett kan vera ein flott stad å presentera samlingane på. Der kan alle få kjennskap til kva som finns og sjå korleis dei ser ut, utan at det går ut over sikkerheita.

Gjenstandar kan ikkje formidla så mykje i seg sjølv. Me må ha kunnskap og erfaringar som hjelper oss å leggja meinings i tinga. Dei må setjast inn i ein samanheng for å fortelja.

Bakgrunnen til publikum er veldig forskjellig, det er difor vanskeleg å vurdera kor mykje grunnleggjande informasjon som trengs.

Ragnar Pedersen meiner det er eit generelt problem at skuleelevar i dag manglar basiskunnskap. Dei har ikkje ei felles plattform å byggja på ved til dømes museumsbesøk. Det vil sei at det trengs grundige, detaljerte, visualiserte opplegg viss me skal gje barn ei forståing av tidlegare tider som til dømes det gamle fiskar- og agrarlivet. Då kan det vera nyttig å bruka gjenstandar som konkrete, handfaste ting.

Det er og har vore mange ulike måtar å formidla på. Og me veit at me er ulike og lærer på ulike måtar. Kva tid har me verkeleg lært noko? Det er ikkje når me kan repetera det me har hørt eller lest, men når me forstår det.

Tina Blythe skil på det å veta og det å forstå. Elevar kan veta mykje i gitte samanhengar, men dei klarer ikkje overföra dette til andre situasjonar i kvardagen. Ho har utarbeidd eit rammeverk i «*The Teaching for understanding guide*» som ho meiner kan vera til hjelp i undervisningssamanheng. Her er sett opp fire punkt som kan sikra at ein oppnår forståing:

1. Vel eit samansett tema som til dømes ein vott. Den kan vinklast på fleire måtar, gå inn i fleire fag og i verkelege samanhenger. Og kople emnet til tidlegare erfaringar.

- 2.** Setja opp klare mål for kva elevane skal forstå.
Sjekk at det er samanheng mellom måla og aktivitetane.
- 3.** La elevane demonstrera at dei forstår.
- 4.** Tilslutt - ei stadig evaluering av opplegget.

Dette vert noko av det same som Howard Gardner snakkar om med *dei mange intelligensane*. Med å vincla emnet på ulike måtar vil me oppnå forståing hjå fleire. Den mest effektive måten å engasjera større grupper på er nok med dramatisk forteljing. Det krev ein engasjert formidlar og ein introduksjon som fan gar interessa hjå publikum. Den aktiverer både den språklege og den personlege intelligensen.⁵ Medan andre lærer best ved å nyta den logisk – matema-



Bilettekst: Mulavette frå utstillinga i Sjøbruksmuseet på Tungenes.
Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet

tiske intelligensen. Me kan måla votten, telja masker og kanskje utarbeida eit strikkemønster? Kor stor var den då den var nystrikkja og kor mykje mindre er den nå?

Me kan bruka *den musikalske intelligensen* og syn-
gja «*Hauglandsviså*», viser om sauен og ulla og om
fisk. Me kan strikka og tova og bruka *den kroppslege*
og visuelt - romlege intelligensen. Og for å stimulera
den naturalistiske intelligensen kan me sjå på ulla frå
sauen, ulike sauerasar eller fiskar. Det å skifta miljø vil
og påverka læringa. Om temaet er ein mulavott vil elev-
ane få ei heilt anna oppleving og forståing ved å besøka
ein sjøgard, og kjenna på stemninga i den gamle stova
der, i forhold til å ta votten inn i klasserommet der dei
oppheld seg til vanleg.

Læring er ein svær prosess der hovuddelane er
persepsjon (oppfatting) og minne. Persepsjonen vert
påverka av erfaringar - me ser det me kjenner og gjen-
kjener. Læringa er og påverka av motivasjon og hald-
ninga, bakgrunn og kultur, korleis emnet er presen-
tert og kven me er saman med.⁶

I læring inngår ikkje bare fakta, men også erfaringar
og følelsar. Du kan få både personleg utbyte og sosial
erfaring. Læring i musea er mykje fokusert på objekt.
Gjenstandane kan verka stimulerande til læring når me
får høve til å studera dei på nært hald. Dei kan skapa
forståing og undring. Det er mange metodar me kan
bruka i musea for læring. Hooper-Greenhill nemn-
er eksempel som forteljing, maling, drama, kunst,
vitensentereksperiment, kostymeshow og å få snakka
med og lytta til museumspersonell.⁷

Undersøkingar viser at folk «ser» musea frå sine eigne perspektiv. Både filosofien, hermeneutikken og læringsteorien; konstruktivismen seier at folk konstruerer si eiga verd, utifrå erfaringar, gjennom psykologi, biografi og historie.

Musea må prøva å laga utstillingar som gjev folk høve til å læra det som passar dei best. Læring kan skje i sesjonar ved analysering av gjenstandar. Skal me klara å formidla noko til publikum så må me oppnå kommunikasjon. Kommunikasjon kan ikkje bare gå ein veg. Som formidlar må ein få respons. Om denne responsen vert motteken hjå avsendar og påverkar det som vert sendt ut neste gong - og fortset vidare i ein sirkel som vert justert heile tida, mellom mottakar og avsendar, då har du fått engasjert mottakar. Du har fått til dialog, og saman har de skapt meinung til objektet eller utstillinga.⁸

Den aktive besøkjaren i postmoderne museum kan delvis forklarast gjennom læringsteoriar, men og gjennom kommunikasjon, leseferdigheiter og kulturell teori.⁹

George E. Hein har i artikkelen sin om *det konstruktivistiske museum* laga ein modell for læringsteori og syn på kunnskap der han prøver å plassera inn dei ulike musea. Modellen har to liner som dannar eit kryss. Den vassrette lina er læringsteori. Lengst til venstre finn me elevar, som passive mottakarar, som skal fyllast opp med kunnskap. I motsatt ende er dei som meiner at den lærande må konstruera kunnskap sjølv, fordi læring er ein aktiv prosess. Øvst på den kryssande lina finn me eit positivistisk kunnskapsyn. Vitskapen vil koma fram til den eine rette sanninga. Nedst er haldningane om at

kunnskap må konstruerast av kvar enkelt utifrå erfaringar. I kvart hjørne dannar det seg eit felt som kombinere dei ulike læringsteoriane med kunnskapsteori. Oppe til venstre finn me dei tradisjonelle, systematiske musea. Oppe til høgre finn me dei som meiner at kunnskapen er der, men dei lærande må oppdaga den sjølv, dei må sjå og gjera og ikkje bare høyra. Nede til høgre finn me konstruktivismen. Kunnskapen må konstruerast og det må gjerast av kvar enkelt. Nede til venstre har han plassert behaviorismen. Ein læringsteori der kunnskapen vil koma som «respons på stimuli», men at det ikkje treng vera ein eksakt kunnskap «der ute». Konstruktivismen argumenterer for at fokus må vera på den lærande og altså dei som besøker musea.¹⁰

John Hennigar Shuh er meir oppteken av å bruka gjenstandane i seg sjølv. Men for å bruka dei i undervisning så må me læra oss å lesa gjenstandane. For å engasjera elevane og få dei til å tenkja så kan me stilla spørsmål. Kva ser du? Kva trur du det er? Ofte vil dei rette spørsmåla generera mange fleire spørsmål. Gjenstandar kan brukast og tilpassast til alle aldrar. Ungar og andre besøkande kan oppdaga nye ting som ikkje fagfolka har sett før eller tenkt på før.

I dei fleste samanhenger er det dei «fine» eksemplara av ein gjenstandstype som vert tekne vare på. Me har mange rikt dekorerte vottar, med nydelege mønster i ulike teknikkar til finbruk. Men det er ikkje teke vare på så mange nyttige, praktiske arbeidsklede. Dei vart helst brukt til det ikkje var meir att av dei. Og dei hadde liten «verdi» som samleobjekt tidlegare. Men mulavotten kan vera eit eksempel på det store mang-



Eit utval vottar frå samlinga til Jærmuseet.

Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet

faldet og variasjonane det er i vottar. Annemor Sundbø har samla strikkeplagg i mange år. Ho skildrar vottane ho har funne slik:

« ... somme vottar er særskilt tilpassa klima og arbeidsliv, til dømes sjøvottar og lovottar. Dei skal brukast i snø, regn, salt sjø og storm. Vottane vart strikka i dobbel storleik og vart tøvde til dei passa til handa. Det gjorde dei uvanleg tjukke og sterke. Duppa ein dei i vatn før bruken, vart dei og vindtette. Ull varmeisolerer nemleg og når ho er våt. Andre vantar er heilt klart laga til finbruk. Dei er strikka av svært tynt garn....»¹¹

KONTEKST

Kontekstualisering av gjenstandar dreier seg om forholdet mellom objekt, tekst og forståing meiner Ragnar Pedersen. Dette kan ein oppnå ved ein vitskapeleg prosedyre som kan delast inn i fleire fasar. Først må ein observera og setja ord på det som kan lesast direkte; form, konstruksjon og enkle bruksmåtar. Ein gjenstand er i liten grad sjølvforklarande.

Det neste er å finna dei ulike kulturelle samanhengane gjenstanden har vore i over tid. Her kan ein brukha alle typar kjelder. Dei ulike kjeldeopplysingane må foreinast ut frå ein forsvarleg vitskapeleg metodikk. Det vil seia at tekst og gjenstand må korrespondera og bindast til kvarandre. Dette forholdet må underbyggjast og argumenterast for. Gjenstandar som har fungert i ei fortid, krev at me konstruerer ein historisk best mogleg kontekst. Denne må så tilpassast dagens forståing. Det vil seia at det må ei *kulturell oversetting* til. Kontekstbeskrivingane bør vera detaljerte og inngående og tilgjengeleg for menneska i dag ut frå deira eigen forutforståing og forståingshorisont.

Om me studerer sjølvé gjenstanden i samanheng med menneskelege handlingar i systematisk bruk, og brukar fleire sansar, så kan me registrera fleire ting ved gjenstanden som visualitet, estetikk og taktilitet. Den beste måten å dokumentera ein gjenstand på er med demonstrasjon. Det nestbeste er med intervjou. Så kjem det me finn i skriftlege kjelder.

Rasjonalitetsperspektivet: Det er viktig å hugsa at handlingane til menneska i fortida hadde ein hensikt, bevisst eller ubevisst. Prøver me å gjenskapa dei kul-

turelle ramane kan me få ei oppfatning av korleis handlingane måtte fortona seg. Det vesentlege er at praksis vert forstått utifrå ein eller annan form for rasjonalitet på grunnlag av aktørens eige synspunkt og tenkjemåte. *Funksjonsanalysar* kan vera eit nyttig hjelpemiddel for å få auga på samanhengar mellom gjenstand og handling.

Det er viktig å visa kulturell openheit mot fortida, og prøve å finna intensjonane bak handlingane slik folk eigentleg oppfatta dei.

Ragnar Pedersen bruker smørforma som eksempel. Den var stort sett registrert med opplysingar om form, dekor og inskripsjon, men lite om bruken og brukssituasjonen. Ved å gå i spørjelister og søkja vidare etter data fann han informasjon om den sosiale situasjonen, kulturelle posisjonen og kontekst. Samla gjev det oss i dag eit heilt anna bilet av kva «verdi» smørforma har hatt.

Jo Sivertsen seier om *det klassiske rasjonalitetsbegrepet*: «Oppfatninger er rasjonelle hvis de er befestet og begrunnet ved prinsipper som alle kan innse er nødvendige.»¹² Men me må vera klare over at me lett kan tolka observasjonar ut frå dei forventingane me har. Teoriar kan verta sjølvbekreftande fordi me oppfattar det me vil - og ynskje å finna.¹³

KORLEIS FORMIDLA GJENSTANDAR I MUSEA?

I ei førelsesing på Høgskulen i Oslo 18. februar 2009 kom Ragnar Pedersen inn på mange poeng som var relevant til korleis mulavotten kan formidlast. Han meinte at det er eit problem i dag at me manglar felles basiskunnskap. Formidlaren står mellom forskaren og publikum og skal gje fortida meiningsfull for etter-

tida. - Ei ettertid som me ikkje veit noko om. Vellukka undervisning avheng av engasjement og kunnskapsnivå hjå formidlaren. Han må skapa små og store historier. Gjenstandar utfordrar nysgjerrigheita, dei kan underbyggja historier og vera informasjonsberande. Og dei kan brukast til å trena publikum til å verta meir visuelt bevisste.

Ein gjenstand kan vera utgangspunkt for mange ulike historier og samanhengar. Den kan vera ein formidlar av kunnskap i sine samanhengar og gje breiare eller djupare forståing.

Men fortida må problematiserast. Me må driva kontinuerleg forsking og vera kritisk analytiske. Det er viktig å vera bevisste på at det finns ikkje ei sanning, men bare noko som er oppfattinga akkurat nå. Me må og vera klar over faren med å hengja seg på moderne festivalar, folklore og myter som kan vera langt frå verkelegheita.

Bygdemusea bør forankrast i det lokale og autentiske. Bodskapen må vera personleggjort slik at historia representerer noko. Det kan vera til dømes ein person, ein familie, byggeskikk, arkitektur eller interiør. Me må finna metodar som gjer publikum engasjerte. Kan kanskje magi, overtru, å vera anngleis og det mentale fenga? Formidlinga treng ein «følelse».

Denne votten har vore i fleire ulike kulturelle samanhengar. Me kan starta med ulla frå sauens og arbeidsprosessen frå sau til ferdig vott. Den kan brukast som bilet på arbeidet kystkvinnene gjorde i førebuinga til fiskeria. Så kan me fortsetja til utstyrskista. Der den syner kvaliteten på kvinnene sin innsats. Den kan så fortelja om arbeidet under fisket; om vind og ver, fangst

og slit. Og gjenbruk på steinarbeid. Til slutt kan den enda opp i ei samling med vottar og vera med på å visa mangfald.

FØREBUING TIL FISKET

Før mennene skulle reisa var det mykje som skulle ordnast. Det var oftast ei klar kjønnssdeling i dette arbeidet. Mennene laga, ordna og skaffa fiskeutstyr og liknande. Kvinnene ordna mat og klede. Det var reglar for kor mykje kvar mann skulle ha med seg og det var ein kjempejobb å få alt klar.

I boka «*-utmed havet*» *kystkvinners liv og virke 1920 – 1940* som vart laga til AOF si femtiårs jubileumsutstilling står det i forordet: «*Kvinners dagligliv og samfunnsmessige virke har vært undervurdert og til dels skjult i historieskriving og forskning. Dette er et resultat av produksjonsordningen som har plassert kvinnan og hennes oppgaver nederst på rangstigen i vårt samfunn. Et samfunn som først og fremst har vært preget av menns verdinormer og posisjoner.*»

Dette var i 1981 og det er heldigvis gjort ein del forsking og dokumentasjon på emnet i åra etterpå. Elin Strøm lar Tora fortelja i artikkelen sin i same boka:

«*For et styr det er i januar når far skal av sted på torskefiske! Mor er mest ikke i seng om natta. Hun må se over og reparere alle klærne hans. Og det er noe til klær. Digre trøyer og underbuksar, tjukke sjøstøvellester, sjøvotter og vadmelnsbuksar. Alt er av ull. Den berger ikke helsa som har bomull, heter det.*»¹⁴

Lensmannsberetningane for Sund og Austevoll 1861 – 1865 nemner denne utrustinga av klede for ein mann på vårsildfisket:

- 3 skjorter
- 2 vestar
- 3 undertrøyer
- 3 overtrøyer
- 3 underbuksar
- 3 eller 4 par sokkar
- 1 olje- eller skinntrøye
- 1 olje-eller skinnbukse
- 1 syvest
- 1 par sjøstøvlar
- 1 par skor
- 2 par vottar



Kiste med klede og utstyr til lofotfiske på utstilling.
Foto: Bjørnar Pedersen, Helgeland Museum

Talet på vottar varierer i ulike lister. Klausen nemner 4 – 7 par vottar til Lofotfisket i tillegg til småvottar.¹⁵

«Etter en tids bruk ble alle votter for små, og harde som filt. Når feskarane kom heim om våren, va di heilt ihopgådd og på skap som ei krabbeklo. Og utslitte ble de, så nye måtte lages for hvert år.»¹⁶

ULLA

Votten kan fortelja om materialet den er laga av, ulla, med dei gode eigenskapane den har. Kjeldene nemner villsau, utegangar, trøndersau og spelsau som raser, eller ulike namn på raser, med ekstra kvalitetar på ulla. Folk held seg varme sjølv om vottane vert blaute. Ubehandla ull vil i bruk tova eller filta seg og verta tjukkare og varmare etterkvart. Desse «fiskjevettene» var soleis veldig gode til å bruaka på jorddyrkning og steinarbeid etterpå. Då var dei skikkeleg tjukke, varme og slitesterke. I boka «Skinnhyre og sjøklær» skriv Gunvor Ingstad Trætteberg at kjelder frå andre del av 1700-tallet og seinare er samde i at ulla fra «Vild-fåret», spelsauen, var den beste ulla til sjøbruk.

Den har lange, glatte dekkhår, som lar vatnet gli av og som samstundes gjev varme. Den ulla som skulle brukast til sjøvottar, vart teken frå ryggen, og halvt ned på låra og på sidene av dyret. På vestlandet vart det og brukt vottar av ull saman med hestetagl og geiteragg når dei trakk snøre. Desse krympa ikkje som vottar av rein ull og trakk heller ikkje væta. Ho nemner og hund- og revehår, og vottar av kvinnehår blanda med ull.

«Ingen votter var varmere enn dem». Men til rovottar var reine ullvottar dei beste.¹⁷ Kvinnene samla det



Villsauer på Vistnestunet

Foto: Ingeborg Skrudland

håret dei greidde av seg og spant det sammen med ull til garn. Det gav ekstra sterke sokkar og vottar.¹⁸

Nordstrand skriv i *Kystkvinner; kvardagsportrett fra Hordalandskysten* at ulla var det aller viktigaste produktet frå utegangaren og den vart nøye sortert. Dyra har lange, grove dekkhår og finare underull, og eignar seg svært godt til klede. Den lange dekkulla vart gjerne samla for seg og brukta til å laga vadvottar av. Dermed slapp fiskaren frysa sjølv om hendene var våte.¹⁹ Den grå trøndersauen vart kalla «sjøvott-sau» fordi den hadde «ry» på seg for å ha svært god kvalitet på ulla og gje svært varme klede. Det vart brukt ufarga ull for den var varmast.

KORLEIS ER VOTTEN LAGA?

Votten kan vera eit utgangspunkt for å fortelja heile historia frå sau til vott. Me kan starta med å klyppa sauene, karda og spinna ulla, strikka votten og til slutt tova den. Det vil visualisera kor mykje arbeid det var å skaffa varme klede til heile familien før i tida. Dei eldste vottane vart laga i nålebinding. Trætteberg har ikkje funne eksisterande vottar i nålebinding brukt til fiske. Dei eksemplara som er bevart er til finbruk. Strikking er nyare, men i allfall kjent i Noreg på 1600-talet.



Nye sjøvottar! Slik kan vottane sjå ut før og etter toving.
Foto: Bjørnar Pedersen, Helgeland Museum

«Den ferdige votten kunne vera opptil ein halv meter lang og ha en tommel så diger at heile neven gjekk i den. Ein fiskar fra Kanstadfjorden, Lødingen i Nordland, fortalte at garnvotten han far brukte var så stor at då eg var liten, smatt eg heilt ned i votten med overkroppen».²⁰

Elin Strøm skildrar: «Ole (9 år) må tove sjøvotter og støvellester. En sjøvott er diger når den er strikka ferdig, og den har to tommer. Ole putter votten i godt varmt vann. Da krymper den. Så gnikker han votten mot ei tovefjøl så den blir loet. Ei tovefjøl er ei trefjøl med rukler. Den likner på et vaskebrett. Ole må gnikke i timevis før votten er ferdig. Men da er den blitt tjukk og god og. Slike votter holder på varmen selv om de er våte.»²¹

Og vidare Clayhills i *Det store lappeteppet*: Også ei kvinnehistorie: *Det kunne gjelde liv og død. Ekstra varme, ekstra slitesterke skulle alle plagga vere. Underkleda, vottane og det karane hadde på føtene var bokstaveleg talt livsviktig. Dersom hendene fraus og dovna bort, kunne fangsten gå til spille og båten kvelve. Det var ullplagg som gjorde det mogleg å arbeide trass kulde og væte. ...Dei sjøvottane Lofotfisket kravde var verkeleg supervottar. Til slike brukte dei den finaste ulla, spunnen til tjukt garn. Dei vart strikka på grove pinnar og laga så store at dei vart passe først etter at dei var tova og dermed blitt sterke og tette. Det var fleire måtar å tove på. Somme duppa vottane i kokande vatn, smurde dei inn med grønsåpe og rulla dei på eit riflet trebrett (tovfjøl). Andre bretta tuppen av votten dobbel og festa den med ein trådende. Når så votten hadde tova seg ved bruk i salt sjø, klipte dei av festet og votten var framleis stor nok. Mange karda vottane på innsida så dei skulle bli ekstra varme og gode.*

*Slike vottar hadde ofte to tommelfingrar så dei skulle slitast jamt rundt. Karane måtte ha fleire par med seg i båten, til byte med dei som vart stivfrosne. Ein måte å tine opp stivfrosne vottar var å hengje dei i sjøen utanfor ripa.*²²

Ikkje alle lika denne type vottar. Ekstratommenelen var i vegen under arbeidet. Vottane vart og svært tova og harde når dei vart brukt på begge sider. På Jæren byrja folk å kjøpa garnet ferdig då spinneria kom på slutten av 1800-talet.

KVEN SPØTA – OG KVA TID?

Alle måtte læra seg teknikkane dei trong for å produsera klede. Bestemødrrene strikka medan dei vogga småbarna. Alle spøta når dei kunne - endåtil når dei var ute og gjekk eller rodde. Frå sju års alder måtte ungane ta del i dei vaksne sitt arbeidsliv. Fram til ti års alderen var både gutter og jenter saman med mora og hadde omlag dei same arbeidsoppgåvene. Kvinnene hadde mest alltid eit spøt i handa. Dei festa nystet med ein nystekrok og spøta medan dei gjekk. Somme menn nyttar og ledige stunder til å spøta. Jørgen Skjæveland frå Bjerkreim har skildra strikkinga:

«Det var først og fremst kvinnene som strikka, men mannofolka kunne også hjelpe til om kveldane når dei fekk tid...Kvinnfolka spøtte så å seie til alle tider. Dei spøtte kor dei gjekk, når dei gjekk til og frå slåtten og i torvet, når dei jaga kyrne og gjekk til andre gardar. Då hadde dei næsta under venstre armshola. Ja, i middagskvila då mennene tok seg ein liten blund, sat gjerne kvinnene og spøtte. Dei spøtte når dei passa maten, når dei kokte, dei sat og las i bibelen og spøtte. Tidt samlast konene på garden og sat

og prata om andre folk og spøtte så det rasla i spøtene. Dei trong ikkje tenkja på spøtet, det gjekk automatisk. Av og til stakk dei den ledige femte spøta opp i håret når dei kjende det beit. - Dei sa ikkje at dei gjekk på besøk eller vitjing til andre, men at dei gjekk «med spødæ»...Om kveldane samlast gjerne dei vaksne jentene og kappspøtte. Dei mælte opp ei viiss lengd på tråden og sette ein lykkeknut på, og så var det å sjå kven som kom først til knuten. Så sat dei så lenge om kveldane at augene seig att og spøtet dat i fanget. Då sette dei ei avbroten fyristikk som ei lita klype fast på augneloket, då greidde dei ikkje sovna. Denne klypa hette «plunntre». Men om sundagen fekk spøtet kvila, for det var stor synd å spøta på ein heilagdag.»²³

SPØT SOM ATTÅTNÆRING

Nokre kvinner fann ut at det var pengar å tena på å spøta.

«Kvinnene dreiv gjerne handel når det høvde. Særleg dei som budde nær Bergen, kunne gjera nokre kroner på byhandel. Ofte reiste dei med når mennene drog til Torget for å selja fisk. Salsvarene var smør, egg, bær og kanskje skinn. Det hende og at dei selde sokkar og vottar...»²⁴

Grimstvedt viser i artikkelen «Spøt til salg, strikking som binæring i Rogaland før 1900» til at det har vore omsett mykje strikkevarer på torget i Stavanger, spesielt under marken. Det vart og sendt varer til Flekkefjord, Kristiansand og Arendal. Det som er nemnt er ofte strømper, trøyer og huer, men fleire stader er produkta bare omtala som strikkevarer. Vanter er nemnt i ei liste over lokale produkt som vart sendt til ei utstilling av fiskarutstyr i Boulogne i 1866. Der tok fiskereiskap og fiskeprodukt stor plass. Men av 57 innsendarar er det



Fiskar frå Hordaland på 1860-talet.
Fotosamlinga Norsk Folkemuseum

ti som sende strikkevarer. Grimstvedt har brukta fiskje-
vette som illustrasjon til artikkelen så me kan nok gå ut
ifrå at dei vert rekna inn i strikkevarene.

Grimstvedt har fortalt at ho intervjuva Magna Kristine Husebø f. i Sirevåg 22.12.1906. Ho flytta til Jåsund, Tan-
anger då ho gifta seg. Der spøta ho vottar og leverte til
Danielsen Skipshandel på 1930 – talet.

*Fiskevottar, «fiskjevette» blei strikka store og tøvdas i
bruk. Dei hadde ofte to tomlar, slik at dei kunne slitast på
begge sider. Frå Sirevåg blir det fortalt at etterat vottane
var tova på fiske, blei dei brukte i steinarbeid. Då vart dei
kalla «lo-vette».²⁵*

I DAG

Clayhills avsluttar boka si med tankar om tekstilarbeid fram mot i dag. Ho skriv at dette er kvinnetradisjon. Og om industri nå tek hand om produksjonen så fortset kvinnene likevel å skapa ting med hendene. Det kan vera i form av kopiering av ferdige mønster, eller som kreativ, fri fantasi. Men det er ein fare for at kunnskap og teknikkar går i gløymeboka om me ikkje bevisst samlar inn dokumentasjon og held dette ved like. Og gjerne finn nye bruksområde til gamle teknikkar. Ho poengterer at bakgrunnen må registrerast og at tek-
stilteknikkar og kvinnearbeid må få større innpass i bygdetun og museum. ...«*kalt materiale er viktig, det bør
no endeleg fram or kister og skuffer, også det som aldri
har hatt status eller vore sett på som fint. Alle bitar skal
med i det store lappeteppet om det skal få det rette møn-
steret».²⁶*

Det har etter mi erfaring heldigvis skjedd noko et-
ter den tid. Men her er endå mykje å gjera og som kan
gjerast betre. Det er like viktig å dokumentera, filma,
og samla lærdommen til dei som kan dette i praksis.

Dei siste åra har spøting og toving vorte aktuelt igjen. Teknikken er brukt i mange nye mønstre til tøflar, vottar, huer, skjerf, nissar med meir. Moteskaparar og klededesignarar har laga kjolar og kåper. Samstundes har me fått strikkeafear som eit nytt alternativ til å «gå med spødæ» som dei gjorde før.

Det ser og ut til at sjøvottspøting har fått ei oppblomstring: Kystlag og husflidslag har dei siste åra arrangert kurs i strikking av sjøvottar. Til ei utstilling i Vefsni Museum i 2007 som heiter «Masker mellom generasjoner» vart det utlyst ein konkurranse: *Strikk sjøvotter!* De tradisjonelle sjøvottene var viktige for fiskerne når de skulle på havet i gamle dager. Men hvordan ville den sett ut om damene skulle brukte den? Daglig leder ved Vefsni museum, Janicken Olsen, oppfordrer strikkeglade til å delta i konkurransen om å strikke sjøvotter, tenkt for kvinner.



Strikk sjøvottar! er oppfordringa frå Janicken Olsen.
Foto: Anne-Kristine Bastholm, Helgeland Arbeiderblad



«Arbeidsvante» av ull og kvinnehår. Tilhører Skagen By- og Egnmuseum.
Foto: Ingeborg Nærland Skjærpe, Jærmuseet

Nordland husflidslag, Husflidshandverkerne i Nordland og Den kulturelle skolesekken i Nordland arrangerer workshop i kulturarv for 8. - 10. trinn kalla iVott. Dei vil med lofotkista som utgangspunkt inspirera ungdom til utvikling av nye gode bruksprodukter for det moderne menneske.

«Prosjektets målsetting er å synliggjøre tradisjoner og gammel kunnskap, og føre kunnskapen videre til nye generasjoner. De fleste ungdommer vokser i dag opp i et samfunn der det meste kjøpes ferdig i butikken. Klær og tekstiler er billige, og synliggjør på ingen måte den prosessen som ligger bak. Hvordan lages for eksempel en genser, fra ull til ferdig plagg. Eller et par sjøvotter.»

I dag er det en avbrutt tradisjon, dvs at tradisjonen «ikke lenger utøves som en helhetlig sammenheng på ett og samme sted» i flg. Amy Lightfoot. Hun er amerikaneren som kom til Norge og har lært nordmennene om våre egne tradisjoner. Hun har i prosjektet «Sjøvottene» bl.a måtte reise til Shetland og Færøyene for å få innsikt i sammenhengen mellom sauvedrifts metoder med hensyn til produksjon av ull egnet til sjøklær. Det gjelder også redskap og bruk av dem til fremstilling av klær.

Hverdagstekstiler og deres tilknyttede håndverkstradisjoner gjenspeiler mindre synlige verdier. Mannfolkenes innsats på lofotfiske, og pengene de kom heim med, har vært verdsatt. Men kvinnfolkene og deres innsats for å utruste mannen til det samme fisket, har først vært omtalt og satt verdi på de senere år. Kvinnfolkene forberedtemannens utrustning nesten hele året, og bare det beste var godt nok. Så ble da også kjerringene heime bedømt etter innholdet i kista!»²⁷

TEORI OG FORMIDLINGSMETODE

Dette er eit viktig tema å arbeida vidare med til nye generasjoner. Inspirert av Ragnar Pedersen vil eg prøva å laga ein historie rundt votten. Eg vil bruka forteljing som metode, kombinert med dialog, song og praktisk aktivitet for å få variasjon. I eit slik opplegg er det mogleg å knyta seg til mange teoriar. Men eg har valt Howard Gardner og dei mange intelligensane. Det er viktig å laga formidlingsopplegg med tema som kan vinklast på fleire måtar. Og for at barna skal få best mogleg utbyte må me leggja opp til aktivitetar som passar dei fleste. Gardner skriv og om kor viktig det er at formid-



Museet på Grødal land ligg fint plassert i landskapet med utsikt over sjøen.

Foto: Ingeborg Skrudland

laren er engasjert og fangar merksemda til barna. Og at me må bruka ulike arenaer. Dette kan vera ein fin måte å skapa stemning og liv i dei gamle bygningane til museet.

MULAVOTTEN PÅ GRØDAL LAND

Eg ynskjer å formidla dette som eit undervisningsopplegg for aldersgruppa 3.- 4. klasse.

Det vil då passa fint å bruka stova i Gamlahuset på Grødal land som arena. Dette er ein jærgard frå 1700-talet med hus innreia frå om lag 1850. Frå stovevindauga kan me sjå til sjøen, så det gjev ein perfekt ramme rundt emnet. Her kan eg samla elevane rundt meg slik at me får eit godt utgangspunkt for dialog. Eg vil prøva ut eit tredelt opplegg. Først ser me på sjølve votten. Sender

den rundt, kjenner på den og stiller nokre spørsmål for å få elevane til å tenkja og fortelja kva dei ser.

Så vil eg ta dei med tilbake i tida og dei skal få høyra meir om denne votten. Eg har lyst til å prøva å formidla ei stemning i huset, og samstundes gje elevane ei føeling med kor mykje arbeid det var å vera gardskone før i tida. Kor viktig jobb ho utførte og korleis alle var nøydde til å hjelpe til. Eg vil kle meg ut som kona på garden. Og gjennom historie og dialog med ungane vil eg fortelja om kvardagen min. Eg må skildra kven som bur i huset. Historia kan handla om at mannen min skal reisa på sildefiske. Eg må då fortelja om kor han skal reisa, kven han skal reisa saman med, om båten og så vidare. Eg må fortelja om alt han skal ha med seg. Korleis me skal skaffa fiskeutstyr, klede og mat. Medan me snakkar sit eg og kardar, spinn og spøter. Undervegs kan eg skildra kor mykje som er klar og kor mykje meir som må ordnast. Prøva å visualisera mengda av arbeid og utstyr som må verta ferdig. Eg må laga ein stor utova vott på førehand som dei kan sjå.

Me kan snakka om kvaslags klede som vert brukt. Ullklede som hadde vore ute på arbeid eller fiske heile dagen og vart hengt rundt omnen i stova om kvelden til tørk.

Prøva å beskriva kor kalde hus dette var, og kor varme klede dei brukte inne, kjenna lukta av skitne, blauge, varme ullklede. Blanda med røyklukt og osen frå oljelampa (litt usikkert om det lar seg gjennomføra) Kva hadde dei av klede? Gjenbruk av klede, som til dømes at votten kunne brukast på opptak - steinarbeid, arv, bøting, lapping, strikka på og så vidare.

Eg vil og prøva å fletta inn følelsar som at det er stritt, lite soving, at eg gruer meg til at mannen skal reisa, redselen for a det skal skje noko på sjøen, ansvaret for alt heime, men og kor viktig det er at han kan reisa ut og skaffa mat og pengar.

I den siste bolken flyttar me oss tilbake i notida og ser på kor me får kleda frå i dag.

Me kan samanlikna ulla med nye materiale, fleese og GoreTex, som er lett og tørkar fort.

Me kan sjå eksempel på det ullundertøyet me får kjøpt i dag, i lekkert design, til sport og fritid. Og visa eksempel på nye flotte mönstre og modellar der teknikken spøt og toving har fått nye uttrykk.

For at elevane skal få kjenna på korleis dette vart gjort, så hadde eg lyst til å la dei få prøva seg på teknikken i praksis. Me kan laga ein enkel ting som mobilteui, pulsvarmar, sitjeunderlag eller vottar. Det hadde vore fint viss elevane greidde å strikka og snakka samstundes. Men det går ikkje. Og sjølv strikkinga med denne aldersgruppa vil i dei fleste samanhengar ta for lang tid. Me får heller «fjuska litt» og dela ut ein ferdig strikka «lapp». Den kan elevane sy saman og pynta med broderi og perler, og så tek me toveprosessen sammen. Det kan alle få til, og alle kan få med seg eit ferdig produkt heim.

Eit slik opplegg trur eg vil la seg gjennomføra ved eit dags - eller halvdags besøk i museet. Me må ha minst 3 skuletimar for at dei skal få litt pusterom mellom øktene.

Det hadde og vore kjekt å prøva eit litt utvida opplegg, med strikking. Når me har ferieklubb på Grødal land til dømes. Då kan me la den praktiske prosessen



Toveteknikken i nye uttrykk. Her er nokre av dei siste modellane til Sandnes Garn.

Foto: Sandnesgarn

gå over fleire dagar, me kan strikka litt kvar dag, og så tova den siste dagen.

Medan me tover kan me snakka saman og så kan me syngja litt. I denne samtalen vil eg prøva å få til-

bakemeldingar på om elevane har fått ei forståing av dei innleiane spørsmåla: Kvifor ser votten slik ut? Korleis er dei laga? Og kven laga dei?

Kor mykje arbeid hadde kvinnene med å få dette i orden? Og avslutta med kva dette kan bety for oss i dag.

REFERANSAR:

- Arbeidernes Opplysningsforbund. (1981). *-Utmed havet: Kystkvinners liv og virke 1920 – 1940*. Oslo: Tiden
- Blythe, T. (1998). *The teaching for understanding guide*. San Francisco: Jossey-Bass
- Clayhills, H. (1984). *Det store lappeteppet: Også ei kvinnehistorie*. Oslo: Samlaget
- Falk, J. H. & Dierking, L. D. (2000) *Learning from muse-ums: Visitors experiences and the making of meaning*. American Association for State and Local History book series. Walnut Creek, CA: Altamira
- Gardner, H. (2000). *The disciplined mind: Beyond facts and standardized tests, the k-12 education that every child deserves*. USA: Penguin
- Grimstvedt, M. (1983). Spøt til salg: Strikking som binæring i Rogaland før 1900. *Årbok for Stavanger Museum*. Stavanger: Gjøstein
- Hein, G.E. (2004). The constructivist museum. I: Hooper-Greenhill, E. *The Educational Role of the Museum*. London & New York: Routledge
- Helgeland museum. Strikkekonkurranse. Lokalisert på verdsveven 17. april 2009: <http://www.helgelandmuse-um.no/ip/pages/museumsavdelinger/vefsn/bildeserietutstillinger.php>
- Holtet, M. (2006, oktober 06) Grå trøndersau. Norsk Landbruksmuseum. Lokalisert på Verdsveven 27. april 2009: <http://www.landbruksmuseet.no/print.php?viewID=21931>
- Hooper-Greenhill, E. (2004). Education, communication and

- interpretation: towards a critical pedagogy in museums. I: *The Educational Role of the Museum*. London & New York: Routledge
- Keene, S. (2005). *Fragments of the World: Uses of Museum Collections*. Great Britain
- Klausen, A. K. (2005). *Masker mellom generasjoner: Strikking som husflid, hobby, mote og symbol*. Helgeland Museum
- Molaug, S. (1985). *Vår gamle kystkultur 1-2*. Oslo: Dreyer Nordland Fylkeskommune & Den kulturelle skolesekken. Ivott.
- Lokalisert på Verdsveien 27. april 2009: http://www.kulturseksyeninordland.no/?eid=0&fid=0&kid=0&sid=0&lag=&hag=&cri=&yp=0&vie=prd&fil=&pid=4200&sam=9EB17D83A1A5D4DA9C4A031E6A4D9A27#top_5676
- Nordstrand, H. (2000). *Kystkvinner: Kvardagsportrett fra Hordalandskysten*. Bergen: Eide Norsk Landbruksmuseum.
- Pedersen, R. (2008). Gjenstand og tekst. *Tradisjon og fornyelse: Festskrift til Liv Hilde Boe: By og bygd XLI*. Oslo: Norsk Folkemuseum
- Sivertsen, J. (2002). *Vitenskap og rasjonalitet*. Oslo: Gyldendal
- Schrumpf, E. (1981). Først oppe og sist i seng. Kvinner langs kysten i mellomkrigstida. - Utmed havet: *Kystkvinnens liv og virke 1920 – 1940*. Oslo: Tiden
- Shuh, J. H. (2004). Teaching yourself to teach with objects. I:
- Hooper-Greenhill, E. *The Educational Role of the Museum*. London & New York: Routledge
- Skretting, T. (1998). *Jæren syng i merg og minne*. Bryne: Jærbladet
- Strøm, E. (1981) Tora forteller. - Utmed havet: *Kystkvinnens liv og virke 1920 – 1940*. Oslo: Tiden
- Sundbø, A. (1994). *Kvardagsstrikk: Kulturskattar frå fillehaugen*. Oslo: Samlaget
- Trætteberg, G. I. (1999). *Skinnhyre og sjøklær: Fiskarbondens utrustning på 1700- og 1800-tallet*. Oslo: Landbruksforlaget
- Valberg, L. (2006, november, 06) Strikk sjøvotter. Helgeland Arbeiderblad. Lokalisert 27. april 2009 på verdsveien: <http://www.helgeland-arbeiderblad.no/kultur/article3070292.ece>

PERSONLEG KOMMUNIKASJON:

- Grimstvedt, M. Samtale 3.04.2009
- Pedersen, R. Førelsesing ved Høgskolen i Oslo 18.02.2009
- Rogan, B. Førelsesing ved Høgskolen i Oslo 19.02.2009

NOTAR

- ¹ Molaug s. 280
- ² Trætteberg s. 162-166
- ³ Førelsesing ved Høgskulen i Oslo 19. februar 2009
- ⁴ Suzanne Keene s.172
- ⁵ Gardner s. 189.
- ⁶ Falk og Dierking s. 137
- ⁷ Hooper-Greenhill s. 21
- ⁸ Hooper-Greenhill «Modell» s. 35
- ⁹ Hooper-Greenhill s. 67
- ¹⁰ Hein s. 73 - 79
- ¹¹ Sundbø s. 133
- ¹² Sivertsen s. 32
- ¹³ Sivertsen s. 116
- ¹⁴ Strøm 1981 s. 15
- ¹⁵ Klausen s. 24
- ¹⁶ Trætteberg s. 166
- ¹⁷ Trætteberg s. 163
- ¹⁸ Schrumpf s. 53
- ¹⁹ Nordstrand s. 43
- ²⁰ Trætteberg s. 162 - 163
- ²¹ Strøm s. 16
- ²² Clayhills s. 83 og 84
- ²³ Grimstvedt s. 31 - 32
- ²⁴ Norstrand s. 33
- ²⁵ Grimstvedt s. 46
- ²⁶ Clayhills s. 144 - 147
- ²⁷ <http://www.nfk.no/artikkel.aspx?Mid1=582&AId=3714>